

Intrakutantest

Intrakutantest er ein hudtest som kan bidra til å avklare om du er allergisk for ulike medisinar. Testen kan visa om det blir ein reaksjon når det vert sprøyta inn ein liten drope i huden med medisinen det er mistanke om at du reagerer på.

FØR

Ved intrakutantest skal du ikkje ha brukt allergitablettar siste 7 dagar før testen. Døme på slike allergimedisinane kan vera: Cetirizin, Aeries, Telfast, Zyrtec, Kestine, Vallergan og Loratadin.

Dersom du bruker astmamedisin skal du ta dei som vanleg, også undersøkingsdagen.

UNDER

Intrakutantesten vert utført på innsida av underarmen. Under testen vert det sprøyta ein liten drope av den eller dei medisinane det blir mistenkt at du er allergisk mot inn i huden, med 15 minutt mellomrom. Ved ein reaksjon vert huden hoven og raud der medisinen er sprøyt inn. Huden kan også klø i dette området. Dersom det klør mykje kan me smørja på litt krem som dempar kløen når testen er ferdig.

Det er som regel liten risiko i samband med intrakutantestar. I svært sjeldne tilfelle kan det likevel oppstå ein kraftigare allergisk reaksjon som me vil behandla med medikament på avdelinga.

ETTER

Hevelse, raudhet og kløe forsvinn som oftast etter 1-2 timar. Dersom du opplever å få reaksjonar som raudhet og hevelse etter at du har forlate poliklinikken, ønskjer me du tek eit bilete av reaksjonen på armen og tek kontakt med oss. Dette er ein seinreaksjon som ikkje er farleg, men viktig å få dokumentert i journalen din.

Kontaktinformasjon

Har du spørsmål, ring oss gjerne på telefon 55 97 38 75/ 70 mellom kl 08.00 og 15.30
måndag-fredag